

# n løyser bustadproblema

## Lettare å fylgja med på pengetilskota

**VOSS:** Det kommunale kraftfondet sine møte skal no gå for opne dører.

Det avgjorde kommunestyret i sitt møte på torsdag. Dermed vert det lettare å fylgja med på korleis fondet prioriterer tilskota til lokale verksemdar.

Kraftfondet hadde i 2012 tilgang på over 5,6 millionar kroner, og delte ut over 4,3 millionar. Den største tildelinga i 2012 var 750.000 kroner til fiberkabel på Istadmyrane. Fondet auka støtta til etablering og styrking av private verksemdar i fjor, mellom anna gjennom eit etableringstilskot til nye bedrifter. Mange av tilskota er relativt låge, ofte på 25.000 kroner, men kan bidra til at bedriftene får utløyst høgare tilskot frå til dømes Fylkesmannen.

Kommunestyret handsama årsmeldinga til kraftfondet torsdag. Fleire stilte då spørsmålsteikn ved fondet sine prioriteringar, og om det er ei reell prioritering eller om ein nærast fylgjer fyrst til mølla-prinsippet. I framtida vil det altså verta større openheit rundt prioriteringane.

Ordførar Hans-Erik Ringkjøb meiner det var på høg tid at kraftfondet sine møte vart opna opp.

– Eg synst dette er prinsipielt veldig viktig og veldig riktig. Fondet disponerer om lag fem millionar kroner årleg. Det er enormt med pengar når me veit at vår låneramme som kommune er 15 millionar. Då er eg av den oppfatning av kva me skal satsa på og korleis me skal gjera det høyrer heime i eit offentleg ordskifte, sa han.

LAILA BORGE | tekst  
lb@avisa-hordaland.no

### Tidleg avis i bergensområdet

Frå og med tysdag 1. oktober vil mange av abonnentane våre i **postregionane 50, 51, 52, 53, 58 og 59** få avisa levert med avisbod tidleg om morgonen i staden for med Posten.

Tidlegomberinga gjeld i område der BT har avisbod.

Avisa vert uadressert.

**Hugs namn og adresse på postkassa di!**

Abonnements-  
avdelinga  
tlf. 56 53 03 06



**MODELL:** Dei gule felta syner kvar Fretheim vil ha nye bustader på Vangen. Dei oransje syner vandreheimar og lettare overnatting.